

## Språk og region i historisk perspektiv

Helge Sandøy

### Innleiing

Emnet vårt inviterer til å drøfte spørsmålet om språk og region kan ha noe med kvarandre å gjøre. Det er jo nærliggande at det kan vere ein samanheng ettersom begge fenomena har ei utbreiing på kartet. Eg skal etter kvart diskutere og teste regionalisingsbegrepet, for det er problematisk i sosiolingvistikken. Innafor dialektforskinga har idéen om at det føregår ei språklig regionalisering i vår tid, vore framme ei stund. Kjell Venås tematiserte det i ein artikkel i 1979. Men også Arnold Dalen nemner tanken i 1972 om at trønderdialektane utviklar seg "i retning av regionalspråk på ulike nivå" (1972:40).<sup>1</sup> Elles må vi inn på 1980-talet før vi ser spørsmålet vekker større interesse i Norge (f.eks. i Sandøy 1985: 263–265). I Sverige og Danmark har begrepet regionalspråk kanskje blitt tatt i bruk noe før, men det verkar som perspektivet der har vore litt annleis, for Karl-Hampus Dahlstedt skriv i eit arbeid frå 1978 om "regionalt riksSpråk" (Edlund 2003: 13f.) og Inger Ejskjær skreiv alt i 1964 om dansk regionalspråk som "et regionalt udlygningsresultat mellom dialekt og officiel norm, der [...] ligner det offisielle sprog mere, end det ligner dialekten" (1964: 41f., jf. Kristiansen 2003: 134). Her er altså det regionale sett på som ein avart av eit overordna standardspråk. I norsk dialektologi har vi brukt begrepet regionalmål og regionalisering meir om den utjamninga av dialektar som skjer innafor ein region utan å gjøre forholdet til standardmål til det sentrale. (Ein nordisk presentasjon av diskusjonen finn ein i Akselberg 2002.)

Men først skal vi sjå på det ideologiske.

### Førestillinga om 'regionalspråk' – ideologi

Kva tid begynte trønderane å meine at dei snakka trøndersk? Dét spørsmålet er det vanskelig å finne svar på. Men like fullt er det viktig, for det fortel om språkkulturen og den språklige bevisstheten. Frå sosialantropologien har vi lært at mange folkeslag eller språkbrukargrupper ikkje har noe namn på språket sitt. Dei bare snakkar, og dei veit kven andre dei forstår og ikkje forstår. Det er dét som er viktig i deira orienteringshorisont. Og dermed har dei heilt andre førestillingar om språk enn dei vi har. Dei kan nok assosiere språket til kvar folk kjem ifrå, men det er fremmendt å tenke på at måten dei uttrykker seg på, skal knytas til eit språkbegrep som refererer til ein spesiell størrelse eller eit eige språk, og som dermed kan teljas. Det er ein svært lang veg å gå frå å bare bruke

<sup>1</sup> Implisitt kan ein òg seie det ligg ein idé om region i begrepet 'naboopposisjon', som A.B. Larsen brukar som forklaring på ei historisk lydendring (1918), men han gjør ikkje meir ut av det.

språk som noe sjølvsagt til å ha førestillingar om at måten du snakkar på, er knytt til ei eining med både namn, historie, verdi og identitet.

Ein slik forskjell kan vi også overføre til vår eiga historia. Nordmenn har neppe hatt noen klår oppfatning av at dei snakka det norske språket før langt inn i ny tid. Det er vel helst opplysningstida og nasjonalromantikken som danner dei nye førestillingane, altså 1700- og 1800-talet. Frå midt på 1500-talet var kongemakta i København opptatt av å få undersåttane sine til å oppleve det danske skriftidealet som Språket i heile riket. Den nye tida frå 1500 skapte dermed eit kulturideal der ein utnytta språket som homogeniseringsfaktor, eit symbol på tilhørslig og lojalitet, og det blei i Danmark-Norge som i fleire andre europeiske land utvikla standardspråk. Dei nordiske konfliktane mellom Sverige og Danmark var trulig ein katalysator som forsterka idealia om språka som kulturelle demarkasjoner.

Dette er ei historie som er blitt gjentatt i land etter land der det er utvikla eit nasjonalspråk. Vi kjenner i dag boktittelen: *Imagined communities* (Anderson 1983), som avspeglar 1980-talsrefleksjonane og kritikken av nasjonsbygginga. Språka er konstruert på tilsvarende måte som nasjonane, dei representerer ein spesiell måte å knyte assosiasjonar saman på til eit skapt større begrep eller ein tankekategori, som ein er oppøvd i å dyrke og knyte verdiar til. Den etter kvart klassiske illustrasjonen på dette er jo at skånsk dialekt etter freden i Roskilde i 1658 gjekk over frå å vere dansk språk til å bli svensk språk utan at dialekten blei omlagt. Skiftet skjedde altså i ideologien eller førestillingane, ikkje i det språklige. Det illustrerer godt effekten av nasjonalspråksbygginga.

Kva tid blir folk "indoktrinert" med at dei snakkar ikkje bare eit visst språk, men òg ein bestemt regionaldialekt, f.eks. trøndersk? Altså oppøvd til å assosiere det språklige uttrykket med region og tilhørslig? Som prosess kan vi tenke oss det som ein parallell til å skape ein nasjon og eit nasjonalspråk. Men det kan skje på uavhengige tidspunkt.

Vi kan prøve å finne ut noe om kva førestillingar folk hadde før til språk. Den første som brukar adjektivet norsk om språk, er Laurens Hermansson i Vestfold som i 1567 omtalar den tretti år gamle omsettinga åt Anders Sæbjørnsson av landsretten med at han er omsett til ein slags dansk eller "sømaalsnorsk", som folk i samtidia kan forstå – altså i motsetning til gammalnorsk, som var uforståelig (Knudsen 1962: 17–18). Når han seier det slik, er motsetninga mellom dansk og norsk ikkje vesentlig. Kanskje kan vi sjå ei oppleving av at målet i Fjell-Norge er det som er avvikande, ettersom han viser til "sømålsnorsk", som trulig refererer til språket i Oslofjord-området og er oppfatta som likt med dansk.

Den første som seier noe konkret om norsk språk, nemlig Jørgen Tomasson, som i 1625 skreiv *En liden begyndelse til en norsk Grammaticam* (Tomassøn 1911: 8–11), er opptatt av det som skil seg frå dansk. På tre sider kontrasterer han dansk med dei norske avvika, og han presenterer da *Biødn* og *haadn* som norsk for 'bjørn' og 'horn'. Ikkje noe er sagt om at dette er geografisk

avgrensa. Kva region variantane hans kjem ifrå, er han ikkje interessert i. Ein gong viser han til "apud nostros montanos", men fjellmålet har han tydeligvis lite grep på. I ordtakssamlinga han laga, har han heller inga lokalisering. Alt er meint å skulle framstille norsk generelt. Vi ser altså at det har utvikla seg ei oppfatning av at norsk er noe anna enn dansken, som nå etter kvart blei assosiert til den normerte riksdansken, dvs. at normsentrumet var allereie definert til høgare sosiale lag i København.

Ordboka åt presten Christen Jensson i Askvoll frå 1646 blir gjerne presentert som den første av ei rekke dialektordsamlingar frå den dansk-norske tida (f.eks. Indrebø 1951: 342f.) og Vikør 2004: 7–8). Men dét er perspektivet vårt, og det er trulig ei projisering av 1900-talet ned på 1600-talet! Christen sjølv seier ingenting om dialekt. Han sjølv kan kanskje ikkje det ordet eingong! Ordboka startar med at dette er ei samling "adskellige Norske Glosor oc daglig Tale", og i forordet er det norsk og nordbaggar han er opptatt av, ikkje sunnfjordingar eller dialekttale. Han dediserer arbeidet faktisk til sine "kiere Landmænd", som han ønskjer Guds nåde, lykke og barmhjertigheit. Vi i vår tid framstiller altså ordsamlinga hans på ein anakronistisk måte. Det same gjeld presentasjonen av ordtakssamlinga eg nemnte frå Agder (Tomassøn 1911).

Det fins andre ordsamlingar etter Jensson på 1600-talet, men heller ikkje dei refererer til noen region i Norge. Intensjonen er å presentere norsk som avvikande frå dansk. Den store ordinnsamlinga skjer i neste hundreåret, da Det danske kanselliet i 1743 sette i gang innsamling av topografiske, historiske og språklige opplysningar etter ei spørjeliste med 43 punkt. På denne tida har vi fått opptakta til opplysningsstida, og den representerer eit stort mentalt skifte. Spørjelista skulle ut til alle amt, for det låg ei interesse for geografisk variasjon og spreiing bak. Spørsmål 42 gjekk ut på at svararane skulle gi "Een Fortegnelse paa de rareste Ord- og Talemaader i Sproget, der udi Amtet, og deres Betydning i andet brugelig Dansk". Her var det igjen det avvikande frå anna brukelig dansk som var av interesse, slik at fokuseringa gjekk ikkje på at dialekten var ei språkeining for seg. Det var tale bare om ord, ikkje om den konstituerande språkstrukturen, som lettare kunne vise heilskapar. Men nå skulle ein kunne få vete meir om geografisk variasjon. At språk er så interessant at det kjem med på denne lista frå kanselliet, er jo i seg sjølv interessant, ja ein historisk sensasjon.

Men korleis blir så dette opplevd utafor kanselliet? Svara kan trulig avspegle noe av den kollektive mentaliteten i samtidene. Frå presten i Hareid og Ulstein heiter det at der er "Ingen rare ord eller Talemaader, uden det almindelig landsens Sprog, men deris pronunciation kand tildels falde noget særdeles og vanskelig for andre fremmede" (Hamre 1961: 16). Her er altså ikkje eitt ord om sunnmørsk, sunnmørsmål eller sunnmørsdialekt. Mange prestar og amtmenn greidde ikkje å komme på noe spesielt å skrive om som svar på dette spørsmålet enda dei svarte på dei andre spørsmåla i lista. Dei kan neppe ha vore mye oppmerksame på språket, og enda mindre på dialekten. Det minner slik sett litt om situasjonane sosialantropologar fortel om frå f.eks. Ny-Guinea og Kalahari-

ørkenen i dag (Jansson 1997). Dei innfødde der forstår heller ikkje denne europeiske språkinteressa.

Men ein som svarte nokså grundig, var amtmannen Christian Ulrich Tønder. I november 1744 leverte han svar på 36 av spørsmåla som kanselliet i København hadde sendt ut året før, og m.a. dei to om språk. (Svaret heiter "Beskrivelse over Romsdals, Nordmøer og Sundmøers Amters Situation og Beskaffenhed".) Tønder fortel at arbeidet ikkje var enkelt, for det "behøves lang tid at samle dem, thi bønderne ved iche Selv at give efterretning derom, eftersom saadanne ord iche synis dem at være underligere end andre gode Danske ord". (Steen 1927: 464.)

Tønder hevdar at språkeksempla han presenterer, er brukt "her paa stædet og mesten udi heele Amtet". På denne tida rådde nok dei same dialektforskjellane mellom fogderia våre som i dag, så dette fortel om at Tønder som tilflyttar ikkje hadde registrert forskjellane. Men det vitnar nok òg om at samtidene neppe hadde utvikla slik oppmerksamhet. Ei typisk setning Tønder refererer etter ein gut, er *Sjå ne, sjå na, sjå nasin på sa* 'Sjå denne her, sjå denne der, sjå nasen på denne der'. Dette kan bare vere nordmørsk eller romsdalsk, ikkje sunnmørsk, men det er ikkje Tønder klar over. Indirekte ser vi at nordmørskken dominerer i materialet hans; han brukar f.eks. *-a* i ein del infinitivar, slik nordmøringer gjer og gjorde: "De Ee ovant aa giærra ta – Det er læt at giøre det."

I siste halvdelen av 1700-talet kjem noen geografiske opplysningar inn i ordsamlingane – i tråd med den nye tradisjonen i opplysningsstida om å samle detaljopplysningar. Men alle som lagar ordsamlingar, kallar dei for *Norsk ordbok* eller liknande, ikkje f.eks. "Spydebergsk ordbok". Opplysningspresten J.N. Wilse gav samlinga si frå 1780 namnet *Norsk Ordbog eller Samling af Norske Ord i sær de som bruges i Egnen af Spydeberg og viidere paa den Østre-kant af Norge, med Forerinding om Mund-Arten, samt Tillæg af nogle Egnens Ordsprog og Egen-Navne*. Her blir det meir presist om geografisk variasjon. Men heller ikkje denne forfattaren dyrkar bare det avgrensa samfunnet. I "Forerindringer" seier han til og med at målet er at boka skal vere til hjelp "for Danske i Omgang med den Norske Almue". I utgangspunktet er det altså Norsk ordbok. Men som opplysningsmann og eigentlig vitskaplig føregangsmann legg han vekt på å vere presis i heimfestingane.

Vi legg òg merke til tittelen på Hans Jacob Willes arbeid frå sirkca 1785 frå Telemark: *Norsk Ordbog som inneholder en Samling af Norske Ord, som især bruges i Sillejord og fleere Stæder i Norge*. Dette var tida for å bygge opp førestillingane om *norsk*, rettnok utan den nasjonalromantiske ideologien. Det ser vi òg av Laurents Hallagers *Norsk ordsamling* (1802). Men han er meir presis med presise heimfestingar, og han understrekar i "Forerindringer" at "Bønderne [have] i enhver Egn, ja i ethvert Præstegjeld, deres Egedheder i Sæder og Skikke, i Klædedragt, og tillige i Sproget, hvorved de kjendeligen adskille sig fra hverandre" (2004: 26). Og litt seinare også "enhver Bøigd har

ligesom sin egen Dialekt eller, som det heder, sit eget Maal". Altså er han opptatt av variasjonen. Men når han begynner å gå igjennom detaljar om dei norske særdraga, ramsar han opp variantar frå den norske formvariasjonen utan å heimfeste. Det heiter "mange Steder", "paa adskillige Steder" osv. Einaste unntaka er Telemark, Hardanger og Gudbrandsdalen, som han har eit par heimfestingar til fordi han hadde skriftlige kjelder nettopp derifrå. Hallager (og Wilse) er altså interessert i dialektane på ein ny måte, men hovudfokuset ligg ikkje på at visse regionar har spesifikke særdrag.

Den første som avgrensar seg bevisst til ein region, er Marcus Schnabel, som i 1774 skreiv *Prøve paa hvorvidt det gamle Norske Sprog endnu er til Udi det hardangerske Bondemaal* (trykt 1784). Men dette er unntaket, heilt til Ivar Aasen laga sin sunnmørsgrammatikk i 1838.

Somme av ordsamlarane brukar orda mundart, dialekt og mål, men det kan sjå ut som termene bare betyr 'ein eigen avvikande uttale', altså ikkje det vi legg i orda. Dette står i motsetning til oppfatninga i dag av 'dialekt', som er prega av det nasjonalromantiske Sprachstammbaum, der språka er greiner ut frå den indoeuropeiske rota, og dialektane er sjølvstendige og definerbare kvistar, som samsvarar med visse landområde, som norsk – Norge og trøndersk – Trøndelag.

Mentalitetshistorisk kan vi seie at vi i desse hundreåra i dansketida får ordsamlingar som bygger på erfaringar frå lokalsamfunn, men som gir seg ut for å vere norske ordbøker. I dag ser vi at det kjem ut ein del ordbøker med nokså allmenne norske ord, men som gir seg ut for å vere dialektordbøker. Nå dyrkar vi dialektane, før dyrka ein norsk.

Utviklinga av dialektbegrepet er ikkje spesiell for Norge. Også i Danmark har dialektbegrepet vore i tilsvarande utvikling. Gun Widmark (1996) og Inge Lise Pedersen (2000) har studert den svenske og danske tradisjonen, som har fleire kjelder å ty til. Termen dialekt kjem i bruk eit stykke utpå 1600-talet, og grammatikaren Søren Gotlænder brukar *Dialectus communis* (altså 'fellesdialekt') om det som mange i dag vil kalle standardspråk eller riksspråk. Men bruken er diffus i dei neste par hundreåra. Han går ofte i retning av betydninga 'måte å tale på', noe som er mest interessant når ein observerer avvik frå den autoriserte og sosialt sjølvsagte norma. Den tydinga skal visstnok gå tilbake til Demostenes (Pedersen 2000: 259), og den finn vi også i engelsk.

Poenget mitt så langt er at vi har hatt ein tendens til å projisere vår eigen ideologi inn i fortida. Marius Hægstad snakka om *Gamalt trøndermål* i boka frå 1899; men dei som snakka dette målet, hadde neppe trøndermål som tankekategori. Koplinga mellom region og språk er av nyare dato – og denne koplinga har ideologisk karakter. Ideologien påverkar fokuseringa vår – og til og med observasjonane.

### Begrepa region og regionalisering

Vi har påstått altfor lettvint at det skjer ei regionalisering. Det kjem vel av at vi har vore engasjert i begrepet region og regionalisering, og så har vi tolka dataa

lengst råd i den retninga. Dét er ein stor fare innafor eit forskingsfelt der det ligg så mange tolkingsmuligheter i den store mengda av data.

Største utfordringa vår er å prøve å *påvise* ei ev. regionalisering. Da må vi først ha ryddige begrep. Vi må for all del unngå at begrepa blir slik at dei omfattar alt, og at alt kan kallas regionalisering. Da har vi ikkje sagt noe nytt eller meir presist. Vi må unngå også å seie at det alltid har føregått regionalisering (Akselberg 2005: 113). Dét er noe vi skal teste og finne ut eller ev. avvise.

Først må vi presisere perspektivet vi vil vere opptatt av. Vil vi studere ein ev. *verknad* eller ein ev. *årsaksfaktor*? Eller begge delar?

Dersom vi vil studere verknaden, må 'regionalisering' gå ut på at eit område blir tydeligare markert språklig, og det må bety at det blir større språklig homogenitet innafor 'regionen', altså mindre variasjon. Dette blir òg omtalt som ein nivelleringsprosess. Heilt konkret må det bety at fleire språkdrag får felles utbreiingsområde, slik at vi får ein slags språkregion.

Ut frå dette er det uheldig å uttrykkje seg slik at det skjer ei regionalisering for kvart enkelt språkdrag, og dermed ulike regionaliseringar (Akselberg 2005: 113). Vi har begrepet *spreiing* til å dekke det som skjer med enkeltdraga, og vi rotar til om vi har for mange termar og begrep. Her òg bør vi følgje Ockhams rakeknivprinsipp. *Regionalisering* kunne vi f.eks. definere til å vere at spreiinga blir tilnærma lik for minst to drag. Med dette som utgangspunkt kan vi leite etter språklige regionar som positive funn av språklige verknadar. Da har vi fått noe å bryne oss på, og dét kan vere konstruktivt.

Men så kan vi vere opptatt av *årsaker*. Arbeider vi i dét perspektivet, må vi sikre oss eit anna område med uavhengige data. Da må vi ha eit begrep region som er definert ut frå andre kriterium enn språket. Det er samfunnsvitskapane som trulig har mest å gi oss her, og sosiologane prøver å operere med fleire typar regionar. Vi kan avgrense oss til desse tre: *administrative*, *funksjonelle* og *kulturelle* (den siste typen kan òg kallas *identitetsregion*) (Salomonsen 1996). Alle desse kan gi oss uavhengige data av kvar sin type. Når vi får samanfall mellom eit språklig område og ein slik regiontype, kan vi vurdere om det er rimelig å sjå på den sosiologiske regionen som årsak til den språklige.

I vår samanheng blir vi raskt teoretisk skeptiske til at administrative regionar er ein sannsynlig forklaringsfaktor. Slike regionar er vedtatt av ein samfunnsautoritet som teiknar strekar på kartet. Så direkte blir neppe språket styrt. Men dersom vi held saman kartet av tjukk 1 og dei gamle stiftsgrensene frå 1680 (Akselberg 2005: 129), er det stort samsvar. Men så kan vi seie at desse grensene er sett pga. at dei var alt blitt naturlige pga. etablerte mønster for menneskelig samhandling. Dét trur eg er eit vesentlig moment, for når kommunereguleringa åt Schei-komitén frå tida kring 1964 får utslag på dialektkartet i dag, er det fordi dei administrative grensene skapte f.eks. nye skoleordningar som donna nye vilkår for menneskelig samhandling. Dei skapte nye møtestadar og funksjonelle einingar.

Det vil seie at vi på teoretisk vis reknar dei administrative regionane som mindre interessante. Det er dei *funksjonelle regionane* som gir ei meir sannsynlig årsak i den forstand at dei samtidig gir oss ei rimelig teoretisk forståing av korleis og korfor språket endrar seg. Det administrative ligg lenger bak i årsakskjeda.

Funksjonelle regionar, dvs. regionar som viser samhandlingsmønster i kommunikasjonar og kontaktar, er det råd å skaffe uavhengige data om. Trulig fins det mye i statistiske databasar frå nyare tid, for eldre tid er det vanskelig. Her har vi ei utfordring og ei muligkeit til å komme lenger i eit teoretisk interessant spørsmål.

Så har vi dei *kulturelle* regionane eller *identitetsregionane*. Dei kan vi også teste uavhengig med å undersøke holdningar og førestillingar hos innbyggjarane – men utan å aktualisere språket i tankane deira. Det interessante blir da om det skil seg ut ein tydelig region i førestillingane hos innbyggjarane, og om den fell saman med området for språkdrag.

Her kan det reisas ei teoretisk innvending: Vil ikkje grunnlaget for ein identitetsregion nettopp vere ein funksjonell region, dvs. samhandling? Det spørsmålet er verdt å prøve ut, for ein kan tenke seg òg at identitetsregionane kan ha eit anna grunnlag enn bare det funksjonelle, nemlig det ideologiske. Kulturelle verdiar og uttrykk kan kanskje bli dyrka som ramme for identitet og tilhørslle utan at dei føreset daglig kontakt og omgang. Her kan institusjonar hjelpe til, f.eks. lokalnyheitssendingane frå NRK

Vi har altså tre sosiologiske region-begrep, men det er uavklart i kor stor grad dei tre er uavhengige seg imellom. Det kunne ei språkgransking vere med å avklare, og det kunne vere aktuelt å jamføre *funksjonell region* og *språklig regionalisering* ut frå desse modellane:


a: funksjonell region  $\Rightarrow$  identitet  $\Rightarrow$  språk

b: funksjonell region  $\Rightarrow$  språk  $\Rightarrow$  identitet

c: funksjonell region       $\begin{matrix} \nearrow & \searrow \\ \text{språk} & \\ \Downarrow & \\ \text{identitet} & \end{matrix}$

### Utprovning på dialektkartet (dvs. historisk)


Nå kan vi gå laus på testarbeidet. Først om språklig region som språklig verknad. Har vi f.eks. to språkdrag som både samlar trønderane og skil dei frå andre? Ser vi på dialektkart over enkeltfenomen, er det ikkje noe enkeltdrag som set ei tydelig grense rundt Trøndelag. *Jamvekt* er det mest grunnleggande skiljet språkhistorisk sett i skandinavisk pga. dei store grammatiske konsekvensane av henne. På kartet dannar dette draget eit samanhengande område midt på den skandinaviske halvøya; det omfattar altså delar av Norge og delar av Sverige og Svensk-Finland.




Kart 1: Jamvekt

Når vi definerer trøndersk på tradisjonell vis, kombinerer vi dei to draga jamvekt og apokope. Apokopen har vore mest intens i Nordland, og det kan vere eit argument for at han har spreidd seg derifrå og sørover til Trøndelag. Utviklinga av kortstavinga har Trøndelag også felles med nordlendingane, altså at ein forlenger konsonanten i både ein- og tostavingsord, i både å *vætta* og eit *vætt*. Austlendingane har dette bare i einstavingsord.


Dei to kriteria ein definerer trøndersk ut frå, har nokså ulike spreiingsområde. Språkstrukturelt er det bare tilfeldig at vi har plukka ut desse to draga, og, som vi skal sjå, valte Aasen andre kriterium. Her kan ein nokså fritt velje kombinasjonar og kva samband ein vil framheve. Men konklusjonen blir først og fremst at det er vanskelig å finne eitt drag som skil ut bare Trøndelag. Palataliseringa av alveolarar dekker mye av same området som apokopen, men også ein god del meir. Det same gjeld *det* som formelt subjekt og *ha* i perfektum, jf. karta 4 og 5. Partikkel før objektet (kart 6) dekker òg Trøndelag, men nå er fellesskapen med ein del av Austlandet.




Kart 2: Apokope




Kart 3: *det som formelt subjekt*




Kart 4: *ha i perfektum*



Kart 5: Partikkkel framom objekt.



Kart 6: Palatalisering i trykktung og trykklett staving.




Kart 7: Det personlige pronomenet 1. pers. eint. (Frå Jenstad & Dalen 1997).

Det er umulig å finne eitt eller to godt overlappende område som definerer Trøndelag språklig. Det er dermed lite som samlar som språklig region, derimot er det mye som skil! Jamfør f.eks. kart 7 over 1.-personspronomenet i eintal i *Trønderordboka* (Dalen & Jenstad 1997: 25). I ei framstilling kan vi eigentlig velje om vi vil framheve det som splittar, eller det som sameinar. (At både trønderar og vi andre hører nokså godt kven som er trønderar, kan vere meir eit vitnemål om kor sterke førestillingane våre er, dvs. at kategorien trønder er kulturelt så viktig at vi har øvd oss opp til å leite etter og kople mange kjenneteikn på dei.)

At det ikkje er så klåre regionsgrenser når eit språkdrag spreier seg utover i landskapet, tyder nok på at *kjensla for regionsfellesskapen* ikkje er avgjørande i språkutviklinga. Dialektgeografien består av eit utal område som bare delvis overlappar med kvarandre; det er svært vanskelig å finne fullstendig samanfall mellom to strukturelt uavhengige område.

## Dialektinndelingar og kulturområde

Inndelingane i dialektologien er problematiske. Aasen rekna alt det nordafjelske saman, og da tok han med området frå landsenden i nord til Dovre i sør, medrekna Romsdal (1848/1996: 171 & 1864/1965: 316f.). Han kombinerte områda for apokope, delt femininum, jamning, manglande svarabhaktivokal, tjukk l, fonemisk vokallågning og palatalar. Alle som kan gymnaspensumet sitt, veit at det er "gale", for det kom opp ein tradisjon om at jamvekta skal utgjøre eit hovudskilje. (Amund B. Larsen delte derfor i to, mens Hallfrid Christiansen tok inn apokopen som tilleggsriterium og fekk fire hovudområde, jf. Skjekkeland 1997: 203ff.) Jamvekta visste ikkje Aasen om først, og sjølv etter at Unger oppdaga prinsippet alt på 1840-talet, heldt Aasen fast på inndelinga si.




Kart 8: "Autorisert" dialektinndeling (her frå Botolv Helleland & Eric Papazian: "Oss sei oss, oss", 1973 s. 44.)

Fagfolka har ingen heilt objektiv inndelingsmåte, for inndelinga må tene eit formål. Den inndelinga som har etablert seg, f.eks. på dei såkalla Christiansen-karta er laga slik at ein prøver å finne ei tilpassing til regionar og fogderi. Det er ikkje noen heldig framgangsmåte dersom ein vil gjennomføre ein analyse, for her lagar ein lett sirkelslutningar. Resultatet er faktisk bestemt på førehand. Og går ein på leit etter kriteria, finn ein at dei skiftar heile vegen nettopp for at dialektgrensene skal passe med det ein ønskjer som resultat. Grensene avpeglar dermed ikkje spreiingsområde. Med å kombinere fleire språkdrag kan vi altså komme fram til både den eine og den andre dialektinndelinga, men ikkje til språklige regionar. Kriteriet vårt om overlappande spreiingsområde er faktisk så strengt. Og er det for strengt?

Det er interessant at jamvektsområdet overlappar så sterkt med tjukk-l-grensa, noe som gir argument for at det har funnes eit sentralskandinavisk kulturområde. Teorien om den er ikkje ny, og den gir grunn til å vere open for at det er samanhengar her mellom kultur og språk slik at fleire drag har spreidd seg meir og mindre over same områda (Bandle 1967). Men

altså ikkje identiske område. Den tjukke l-en f.eks. spreidde seg vidare enn jamvekta. Aldersmessig er det stor avstand mellom fenomena, for jamvekta er kanskje frå førhistorisk tid, mens ein må 500 år oppover i tid før ein kan stadfeste den tjukke-l-en, altså til 1200-talet (Indrebø 1951: 133). Jamninga kjem etter seinmellomalderen, og den går over stordelen av det norske jamvektsområdet, men ikkje inn i Sverige (Sandøy 1985: 87).



Historisk sett er altså Sentral-Skandinavia eit interessant 'kulturområde' (jf. Bandle 1967), der termen viser til noe vagt om felles tendensar. Men det samsvarar nok ikkje med eit region-begrep, som for å tilføre noe meir må vise til ei gjensidigkeit innafor eit avgrensa område, anten i funksjon eller identitet. Premissen i det vidare resonnementet er nettopp det at 'region' skal seie noe meir enn 'kulturområde'.

Det nordafjelske, som Aasen brukte, har noe for seg. For her òg augnar vi eit kulturområde. Lågninga i det norske vokalsystemet har eit eige nordafjelsk mønster, som går ut på at norrøn kort *i*, *e* og *y* blir til *e*, *æ* og *ø* uavhengig av stavingskvantiteten, men derimot hindra av palatal konsonant bak. (Vi manglar dessverre eit godt kart for dette fenomenet.) Dermed heiter det *fesk*, *sæl* og *bøtte*, men [fjne, seje, stycče] 'finne, sende, stykke'. Slik er det i Nord-Norge og ned til og med Romsdal. På Sunnmøre og sørover er lågninga avhengig av kvantiteten, dvs. at bare den forlengte vokalen blir lågna, mens den korte er halden høg. Dermed får ein *fisk*, men *veke* osv.

Dette området har også fleire andre drag felles. Apokopen er som nemnt eit nordlig drag med størst intensitet i Salten (Sandøy 1985: 88), så svekkes han sørover. I ytre Romsdal (og på nördste Sunnmørsøyane) har ein fått bortfall av sistevokalen bare i tostavingsendingane: [bɔ:tajn] 'båtane' "Avpalataliseringa" i den trykklette fleirtalsendinga kjem også frå nord: [bɔ:tan] og [su:t̚en] i staden for [bɔ:tajn] og [su:t̚jn]. Men det stoppar i Trøndelag. Og samanfallet av ustemet *r* og *sj* kjem frå nord, jf. *mark* > [maʃk]. Også ikkje-inversjon i spørjesetningar dekker noe av same området, jf. kart 10. Som vi skal sjå nedafor, er det nordafjelske kulturområdet verksamt også i dag.

Testen gir i hovudsak eit negativt resultat: Vi greier ikkje å peike på noen klår samanheng mellom sosiologisk region og språk i det historiske materialet. Dermed har vi faktisk sagt eller påstått noe som ikkje er sjølvsagt; vi har komme litt lenger i innsikt. Dei vase tendensane til felle utbreiing som vi har sett, dvs. det sentralskandinaviske og nordafjelske, greier vi å beskrive og forstå i lys av dei opnare begrepa *kulturområde*, *kontakt* og *spreiing*.

### Spreiingsmåtar

Vi kan skifte angrepsmåte: Kva andre måtar spreier språkdrag seg på? Og korleis kan vi forklare dei?

#### *Sosial kontakt*

Eldste spreiingsmodellen er representert i *bølgjeteorien*: Språkdrag går utover frå eit sentrum som ringar på vassflata. Det er lett å tenke seg at områda for dialektfenomena i dag er resultat av ein slik spreiingsmåte. Ein annan spreiingsmåte er *hopp mellom sentrum*. Ettersom sentrum er eit nytt fenomen i Norge, kjenner vi ikkje så mange tilfelle. Men endringa frå *braut* til *brøyt* osv. i 2. kl. sterke verb spreidde seg slik utover heile 1900-talet, og knapt noen tradisjonell by var forbigått ved tusenårsskiftet. Da hadde også *f + ç > f* komme godt i gang (jf. samanfallet av *skyss* og *kyss*), og dette samanfallet følgjer også tydelig eit tilsvarande hopp-mønster.

Dette er ein spreiingsmåte som òg kan føre til eit samla område. Peter Trudgill studerte i si tid endringar på Brunlanes på den måten, der vokalopninga av *e* framom r spreidde seg frå Larvik til Stavern og Nevlunghamn før ho kom til bygdene imellom (Trudgill 1974). Skarre-r-en på Sør-Vestlandet viser også eit slikt mønster (Foldvik 1977). Når fenomenet er gjennomført i området/"periferien" mellom sentruma, viser ikkje kartet forskjell på dei to spreiingsmåtane!

Implisitt i hoppmodellen og i bølgjemodellen er det ofte at retninga i endringa skjer *frå sentrum til periferi* eller frå topp til botn. Mye av førestillingsverda vår går ut på at impulsar går frå sentrum til periferi; slik fungerer maktapparatet både strukturelt og kulturelt. Eg vil ikkje vere direkte motstandar av denne synsmåten, men som forskrar skal vi ikkje ta for gitt at det er slik. (Vi kan også ha med oss den kritiske refleksjonen at i den grad dette makthierarkiet er gyldig, er det dét ikkje minst pga. at folk trur det er slik.)

At hierarkiet delvis stemmer, ser vi i tilfella som *braut > brøyt* og *ç + f > f*. Men vi kan samtidig legge merke til at det sosiale hierarkiet ikkje passar inn, for desse fenomena er ikkje statusfenomen og kjem ikkje sosialt ovafrå!

Men vi har òg eksempel på mothierarkiske endringar. To tydelige fonologiske endringar har skjedd i romsdalske bygdemål siste generasjonen: 1) Samanfallet av *e* og *æ* til ein mellomlyd, slik at *leik* (m.) og *lek* (pres.) får same uttale i [lɛ:k], og det minimale paret i [de ́e: çe nøken ́lɛ:k nør ́bɔ:t’ɳ ́læ:k] 'det er ikkje noen leik når båten lek' blir utjamna. 2) Den ustemente r-en framom *p* og *k* blir til *f*, slik at *mark* blir til [maʃk]. Desse

to endringane har gått svært fort over heile fogderiet, men dei er heilt ukjent i sentrum, altså i bymålet på Molde, som ein skulle vente står over i hierarkiet. Dalen nemner tilsvarande om monoftongeringa i Trøndelag.

Felles for desse spreiingsmåtane vi når har sett på, er at det er tale om *sosial kontakt* mellom spreiingspunktene. Det vil seie at spreiinga skjer frå a til b, frå b til c, frå c til d osv. Og da treng det ikkje vere kontakt mellom a og d. Det er ein slags domino-kontakt eller kortdistansekontaktar.

### *Grammatisk forenkling*

I språket ligg det alltid ein tendens til restrukturering – dvs. til nye grammatiske mønster. Ofte gir det forenkling som resultat, jf. den stadige tendensen i barnespråk til *gådde* for *gjekk*. Peter Trudgill har hevdat at språk i samfunn med stor mobilitet ikkje kan halde på ein komplisert morfologi. Det er ein påstand som kan stadfestast mangstad i Noreg.

Vi kan illustrere det med bøyingsendingane i bestemt form fleirtal av substantiva i eit bygdemål og noen sentrumsmål i Trøndelag og på Nord-Vestlandet. Tabellen nedafor var resultatet av eit arbeid eg skulle lage der utgangspunktet var å vise korleis Trondheim stod på toppen i eit nordafjelsk språkhierarki. Men dét greidde eg ikkje å vise. Skal ein forstå korfor, kan ein begynne med å observere kompleksiteten i kvar dialekt, og den er her kvantifisert i talet på bøyingsklassar og på endingsvariantar.

Tabell 1: *Ending i bestemt form fleirtal i “Midt-Noreg”*

| Klasse             | Bestemt form fleirtal |                        |              |               |           |                         |
|--------------------|-----------------------|------------------------|--------------|---------------|-----------|-------------------------|
|                    | Sunn-dalen            | Trondheim<br>I (eldre) | Sunndals-øra | Kristian-sund | Molde     | Trondheim<br>II (yngre) |
| <i>hest</i>        | -ap                   | -an                    |              |               |           |                         |
| <i>benk</i>        | -ijn                  | -en                    | -ap          | -an           |           |                         |
| <i>klass-e</i>     | -ap                   | -an                    |              |               |           |                         |
| <i>hana</i>        |                       | -n                     | -jn          | -n            |           |                         |
| <i>eik</i>         | -ijn                  | -en                    | -ijn/apn     | -en           |           |                         |
| <i>mark</i>        | -ap                   |                        |              |               | -an       | -an                     |
| <i>vis-e</i>       | -ɔjn                  | -an                    | -apn         |               |           |                         |
| <i>vekko/vekka</i> | -jn                   | -n                     |              | -an           |           |                         |
| <i>tak</i>         | -a                    | -an                    | -a           |               |           |                         |
| <i>stykk-e</i>     |                       |                        |              |               |           |                         |
| Klassar i alt      | 10 klassar            | 9 klassar              | 7 klassar    | 7 klassar     | 6 klassar | 6 klassar               |
| Var. i b.f. flt.   | 5 variantar           | 3 variantar            | 4 variantar  | 3 variantar   | 1 variant | 1 variant               |

Her representerer rekkjefølgja frå venstre til høgre minkande kompleksitet i morfologien, og bygdemålet i Sunndalen er tydelig mest komplisert med 10 bøyingsklassar og 5 endingsvariantar. Men tradisjonelt trondheimsål kjem rett etter Sunndalen. Dei mindre byane og sentruma har enklare morfologi. Bymålet på Molde har absolutt enklaste systemet. Moldedialekten har tvillaust vore igjennom ein morfologisk forenklingsprosess som ofte går for seg i sentrums- og bymål; det ser vi òg i at moderne trondheimsål nå er på full veg til å få same systemet som moldedialekten. Dette systemet er nytt i Trondheim (Dalen 1978:14), men på Molde veit vi ikkje om anna system i den tida vi kjenner til eit bymål der.

Mönsteret i denne oversikta bryt med ei utbreidd oppfatning om at utviklingane spreier seg frå sentrum til periferi. Her kunne ein faktisk ha ein indikasjon på at påverknaden går frå den perifere småbyen i Romsdal til storbyen Trondheim. Altså oppover i hierarkiet i staden for nedover? Det er trulig for enkelt (Sandøy 1998).

Her må vi prøve å forstå opphavet å kvart by- og sentrumsål. Forenklingar er typiske produkt av språklege smeltegryter (Sandøy 1985: 250f. & 2004). Di meir intense dei sosiale omkalfatringane er på eit tidspunkt, di enklare blir sluttproduktet. Det gamle trondheimsålet voks sakte, men sikkert fram på trøndersk grunn for fleire hundre år sia, og språksamfunnet der representerete kanskje ikkje noen særlig varm smeltegryte da. Det gjorde at bymålet tok over dei fleste bøyingane i dei nærliggande bygdemåla, altså utan å skilje seg klårt ut. Dermed fekk bymålet så mange endingar i fleirtal. Nyare byar som Molde og Kristiansund kan ha opplevd språkblandinga meir intenst og dermed fått sterkare forenkling i forhold til bygdemåla ikring. I dag er også Trondheim blitt så utsett for rask mobilitet og sosial omlegging at bymålet der opplever ei sterk forenkling, dvs. den vi ser resultatet av i kolonnen til høgre i tabell 1. Dermed opplever Trondheim det same som Molde og Kristiansund, men det skjer uavhengig og seinare enn i dei to andre byane. Like grammatiske endringar kan altså skje utan kontakt (og utan region). Same resonnementet finn støtte i andre språkdrag, f.eks. dei mange åtskilte områda i Norge som har utvikla udelt femininum, dvs. at dei ikkje skil i bøyingsendinga mellom f.eks. *sol–sola* og *vise–viså*, jf. kart 11.

## Kva skjer i dag?

### Språkbruksnivået

Etter dei nokså negative konklusjonane om regionalisering i språkhistoria kan vi sjå etter kor relevant region-begrepet er i endringsmönster frå samtida vår.

I Nordland fylke har det vore ei interessant utvikling av apokope-mönsteret siste generasjonane. I Fauske var det frå gammalt maksimal apokope slik at det var nesten ikkje tostavingsord att, mens det sør på Helgeland var berre svak apokope i infinitiv alt etter om infinitiven fekk trykk eller ei i setninga. Her

er utviklinga i dag tydelig på veg til eit kompromissmønster der apokopen aukar i sør og minkar i nord, og det grammatiske mønsteret er at det blir apokope i verb i infinitiv og preteritum, altså *å dømm* og *i går dømt e.* Dette kan vi lett beskrive som ei regionalisering i grammatikken, og den skjer over eit svært stort område, nemlig det lange Nordland fylke.


Tabell 2: *Apokope i Nordland*

| Eldre Salten                              | "Felles nordlandsk" | Eldre Vefsn          |
|---|---------------------|----------------------|
| <i>å levv_</i> (inf.)                     | <i>levv_</i>        | <i>lev(a)</i>        |
| <i>levv_</i> (pres.)                      | <i>levv_</i>        | <i>lev(e)</i>        |
| <i>levd_</i> (pret.)                      | <i>levd_</i>        | <i>levd(e)</i>       |
| <i>vør_</i> (pf. pts.)                    | <i>vør_</i>         | <i>våre</i>          |
| <i>ein han_</i> (sv. hankj.)              | <i>ein hane</i>     | <i>ein hana</i>      |
| <i>ei kånn_</i> (sv. hokj.)               | <i>ei kåinne</i>    | <i>ei kånä</i>       |
| <i>eit stykkj_</i> (sv. inkjekj.)         | <i>eit stykkje</i>  | <i>eit stykkje</i>   |
| <i>da gras_</i> (b. f. inkjekj.<br>eint.) | <i>de grase</i>     | <i>de grase</i>      |
| <i>fleir kånn</i> (sv. hokj. flt.)        | <i>fleire kånne</i> | <i>fleire kånnår</i> |

Dette kan lett framstillas som del av ei regionalisering. Vi har bare att å skaffe fram data om ev. identifikasjon og førestillingar hos brukarane.

Men så kan vi kikke på Trøndelag, der det frå gammalt heitte *å levva*, men *å kast*. Her blir det rapportert at dei gamle jamvektsformene i infinitiv er på vikande fot, og i staden kjem infinitivsformer som *å levv* osv. Det gamle jamvektsmønsteret som gav grunnlag for tostavingsformer i infinitivane, er grammatisk daudt. Det har ikkje komme inn nye verb i denne kategorien på fleire hundre år. Nye verb som kjem inn i trøndersk, følgjer mønsteret frå dømme-klassen, f.eks. *å demmonstrer, å jobb*. Det daude blir også smått om senn "reparert" med det produktive bøyingsmønsteret frå dømme-klassen, og dermed får ein *å levv*.

Men resultatet etter det grammatiske kompromisset i Nordland og oppryddinga i infinitivar i trøndersk er at Nordland og Trøndelag får same mønsteret. Grammatisk kan vi framstille prosessane som ulike; men har dei to utviklingslinjene likevel noe med kvarandre å gjøre? Trøndersk er faktisk på full fart til å bli nordlandsk! Og jamvektskartet må forandras til det vi ser på kart 12.



Kart 12: Det nye jamvektsområdet.

For ettertida blir dette ståande som eit felles område. Men intuisjonen vår tilseier kanskje at trønderar og nordlendingar neppe har sterkt felles identitet. Dét kan ev. holdningsdata avgjøre. Eg vil tru at ein her ikkje bør beskrive "drivkrafta" med noe meir pretensiøst enn det vage 'kulturområde' og ikkje med noen sosiologisk region.

Nå kan vi sjå nærmare på kva som skjer i lokalsamfunna, der den daglige språkintensiteten er størst, og der vi kjem tettast innpå språkendringane. Eg har arbeidd mye med for å prøve å systematisere slike data for å sjå kva krefter som dominerer. Nedafor skal vi illustrere korleis ein kan systematisere resultat frå dialektgranskingar med å isolere faktorane og sette dei opp mot kvarandre. Faktorene vi skal teste, er 1) prestisjedialekt, 2) moderat bokmålsstandard, 3) folkelig bokmålsstandard, 4) nynorsk standard, 5) sør austlandsk dialekt, 6) fellesdrag med nabodialektar og 7) grammatisk forenkling. Faktoren 'fellesdrag med nabodialekt' vil vere den som ev. kan fortelje om regionalisering. Vi kan ikkje plukke ut ein avgjørande faktor i alle enkeltvariablane, for ofte drar fleire faktorar i same retninga – men det er nettopp derfor vi treng ei systematisering for å kunne dra ut og objektivere tendensane or det litt kaotiske førsteinntrykket.

Vi prøver dette først på granskinga åt Mohan (1995) frå grenseområdet mellom Nord-Noreg og Trøndelag. Dersom vi set resultata frå granskinga hennar inn i ei matrise der vi brukar årsaksfaktorane eg nemnte, ser vi mønsteret i tabellen nedafor.

Tabell 3: *Påverknadsfaktorar i Bindalen*  
(+ betyr at påverknadsfaktoren kan vere relevant, ÷ at han ikkje er det.)

|  | 1. Prestisje | 2. Moderat bm-standard | 3. Folkelig bm-standard | 4. Nynorsk standard-mål | 5. Søraust-norsk | 6. Kontakt med nabodialektar | 7. Gramm. forenkling |
|--|--------------|------------------------|-------------------------|-------------------------|------------------|------------------------------|----------------------|
| Ub.f. eint. sv. mask -e + ( <i>måni</i> > <i>måne</i> )  | +            | +                      | +                       | +                       | +                | +                            |                      |
| Ub.f. eint. sv. nøytr -e ( <i>jent</i> > <i>jente</i> )  | +            | +                      | +                       | +                       | +                | +                            |                      |
| Best. f. st. mask. -in > -en                             | +            | +                      | +                       | +                       | +                | +                            |                      |
| <i>ikkje</i> > <i>ikke</i>                               | +            | +                      | +                       | ÷                       | +                | +                            |                      |
| [hænes] > [hejnes]                                       | ÷            | ÷                      | ÷                       | ÷                       | ÷                | +                            |                      |
| Apokope i pres. e-verb ( <i>kjenn</i> > <i>kjenne</i> )  | ÷            | ÷                      | ÷                       | ÷                       | ÷                | +                            |                      |
| Supinum -Ø > -e  | ÷            | ÷                      | ÷                       | +                       | ÷                | +                            |                      |
| Flt. mask. -i > -a ( <i>saui</i> > <i>saua</i> )         | ÷            | ÷                      | ÷                       | +                       | ÷                |                              | +                    |
| Inf. -ja > -0 ( <i>velji</i> > <i>vael</i> )             | ÷            | ÷                      | ÷                       | ÷                       | ÷                | +                            | +                    |
| Sv. fem. b.f. -o > -a ( <i>jento</i> > <i>jenta</i> )    | ÷            | ÷                      | +                       | +                       | +                | +                            | +                    |
| Sv. fem. ub.f. -ja > -ji ( <i>mølja</i> > <i>mølji</i> ) | ÷            | ÷                      | ÷                       | ÷                       | ÷                | +                            |                      |
| Tilslag som ev. forklaringsfaktor                        | 4            | 4                      | 5                       | 6                       | 5                | 10                           | 3                    |

Første poenget med ei slik oppstilling er å skilje ut ev. tilfelle der påverknadsfaktoren er gjennomgående. 'Nabodialektar' oppfyller nesten det. Dessutan er kontakten med naboområdet einaste mulige faktoren i tre tilfelle. Standardspråka er ikkje i noe tilfelle einaste mulige årsaka til endringa, heller ikkje søraustnorsk eller faktoren *prestisje*. I tillegg kan 'nabodialektar' brukas som forklaring på alle tilfella der det er tilslag for standardspråka (dvs. dei fleirtydige tilfella). Det er rimelig å tolke desse fleirtydige tilfella i lys av dei eintydige. To faktorar (dvs. kontakt og grammatiske forenkling – ev. nynorsk)

kan forklare alle endringane i denne matrisa. (Verken folkelig bokmål, nynorsk eller søraustnorsk kan reknas som prestisjespråk, slik at ein kan ikkje seie at retninga i utviklinga går i retning av statusspråk.)

Dette resonnementet gir sjølvsagt ikkje grunn til å avvise fullstendig at standardspråka, søraustlandsk og prestisje betyr noe i prosessen, for dei kan vere ei medverkande årsak. Poenget her er at dei ikkje er noen nødvendig faktor. Dessutan bør vi legge merke til dei seks endringane som er i direkte strid med standardspråka og prestisje. Dei svekker dermed den generelle vekta vi kan tillegge desse faktorane. Nabofaktoren kjem best ut, slik at nærbondkontakt er vesentlig, anten han er del av ei regionalisering eller bare ein "dominokontakt"/kortdistansekontakt.

Det er rimelig å vente seg at resultata av ein slik test er ulike frå område til område. Men om vi set resultata frå ei gransking i Melhus i Trøndelag (Ulset 2002) inn i ei tilsvarende testmatrise (tabell 4), vil vi sjå det same at det er ikkje éin faktor aleine som avgjør alle dei påviste endringane. (Vi held oss her til draga som hos Ulset viser ein endringsprosent på meir enn 50.)

Tabell 4: *Påverknadsfaktorar i Melhus*  
(+ betyr at påverknadsfaktoren kan vere relevant, ÷ at han ikkje er det.)

|   | 1.<br>Pre-<br>stisje | 2.<br>Mode-rat<br>bm-stan-<br>dard | 3. Folkelig<br>bm-standard | 4.<br>Ny-<br>norsk<br>standard | 5.<br>Søraust-<br>norsk | 6. Kontakt<br>med nabob-<br>ialekt | 7.<br>Gramm.<br>forenkl. |
|---|----------------------|------------------------------------|----------------------------|--------------------------------|-------------------------|------------------------------------|--------------------------|
| a. palatal n > alv. n i<br>trykklett stavning | +                    | +                                  | +                          | +                              | +                       | +                                  | +                        |
| b. jamv.inf. > apokope                        | ÷                    | ÷                                  | ÷                          | ÷                              | ÷                       | +                                  | +                        |
| c. b.f.pl.nøytr. -a > -<br>an                 | ÷                    | ÷                                  | ÷                          | ÷                              | ÷                       | +                                  | +                        |
| d. tjukk l > r<br>(leksikalsk)                | +                    | +                                  | +                          | +                              | ÷                       | +                                  |                          |
| e. e > i (leksikalsk)                         | +                    | +                                  | +                          | +                              | +                       | ?                                  |                          |
| Tilslag som ev.<br>forklaringsfaktor          | 3                    | 3                                  | 3                          | 3                              | 2                       | 4                                  | 3                        |

Derimot ser vi at *grammatisk forenkling* og *kontakt med nabobialekt* igjen kan forklare det aller meste. Her ser vi òg at fleire av endringane skjer i ei heilt anna retning enn standard- og prestisjespråket tilseier at utviklinga skulle gå i.

Bare i eitt tilfelle, nemlig i overgangar i stammevokalismen frå f.eks. *sekker* til *sikker*, må ein hente støtte frå standard eller prestisje. Her kan vi legge merke til at dette er eit *leksikalsk* drag, ettersom det gjeld distribusjonen av to vokalar, som begge fins i dialekten både før og etter endringa. Det same gjeld også overgangen frå f.eks. [bu : ɔ] til [bu : r] av 'bord'. At den tjukke l-en vik for

*r*, skjer bare i visse ord – der prestisjeuttalet er med *r* og skrivemåten med *rd*. Den tjukke l-en står elles så sterkt i dialekten at ein ikkje kan hevde at lyden er på vikande front generelt i ei forenklingsutvikling.

Her har vi altså ein indikasjon på at leksikalske drag lettare blir påverka av standard og prestisjedialekt enn grammatiske drag, noe som er ei gammal innsikt (Sandøy 1985: 247). Konklusjonen her blir at endringar i grammatiske drag er i hovudsak eit resultat av kontakt og forenkling.


#### *Førestillingsnivået*

Eg har ingen uavhengige data om kor sterkt trønderane føler at dei er trønderar, og at dei snakkar trøndersk. Min stereotypi er at trønderane har ein sterk regional identitet, og på spørsmål ville dei trulig vise til dialekten som eit viktig særdrag som held dei saman. Dersom det er slik, har trønderane ein regional dialekt på førestillingsnivået, men einskapen i 'å snakke trøndersk' kan vere knytt til ei sterk førestilling som trassar det faktumet at det er umulig å gi eit unikt lingvistisk kriterium for trøndersk. (Nærast kjem ein nok med tonegangsmønsteret.)

Førestillingane om språk er eit eige studiefelt som gjerne ber namnet språksosiologi. Når ein ser ein så tydelig avstand mellom faktisk språkbruksendring på eine sida og førestellingane om endringsprosessen på den andre sida, er nettopp den språksosiologisk interessant. Den bør få oss til å stille viktige spørsmål til den funksjonen språket har som kulturfenomen, eller meir presist: korleis vi dyrkar språket som kulturelt objekt. Innafor kultursosiologien er ei vanlig oppfatning at det i stor grad er samfunnspolitiske konfliktar som styrer tankekategoriane våre. Dermed styrer dei òg observasjonane våre, og i neste omgang verkar dei inn på tolkingane våre – som kan trasse empiriske data. Dei to ulike studieobjekta våre kan visas som i figur 1. Utfordringa for forskaren er stor: å skilje data frå dei to studiedomena frå kvarandre.

forskar

Figur 1



## Lærdommar

Det vi har sett, er at retninga i språkendringane er lettast å forstå som resultat av sosial kontakt og grammatiske forenklingar. Den sosiale kontakten kan avspegle seg i at fleire språkdrag får ein viss likskap i utbreiinga, slik at ein kan omtale fenomena som del av eit kulturområde, men det er vanskelig å få stadfesta tydelige dialektgeografiske resultat som samsvarar med eit meir pretensiøst og presist sosiologisk begrep om region, der ein legg vekt på at regionen skil seg ut som ei funksjonell eining eller identitetseining i kontrast til det geografiske området utafor.

Det er vanskelig å sjå at ein region som Trøndelag – som har så lang historie, og der det har vore temmelig klårt kven som har kunna kalle seg trønder – har skapt eit eintydig språkområde. *Identitetsbegrepet* ser ikkje ut til å vere språklig viktig på dette abstrakte regionsnivået. Derimot kan identitetsspørsmål sjølv sagt vere viktig på eit meir lokalt nivå – dvs. der den daglige kommunikasjonen føregår. Vi bør ikkje glømme at det aller meste av språkbruken vår er såkalla fatisk kommunikasjon, dvs. at vi brukar språket ikkje til å kommunisere idéar eller intellektuelt innhald, men først og fremst til å markere sosial kontakt med dei rundt oss. Det meste av språkvanane våre er derfor bundne av dei nærmaste omsyna, ikkje av ein abstrakt region full av ukjente bygder og uvedkommande personar.

Men kommunikasjonane siste generasjonane har endra størrelsen på nærmiljøa våre. Ser vi for oss at vi kan beskrive samfunnsomlegginga som ei utviding av den nære kommunikasjonsfellesskapen, forstår vi at vi får større lokale einingar, men neppe tydelige regionsfellesskapar.

Dette vil ikkje seie at ein skal avvise begrepet regionalisering, men eine poenget er at ein bør vere varsam med å dra inn ein nytt begrep i beskrivingane dersom ein med det ikkje kan vise noe anna enn det ein alt kan gripe med det tradisjonelle 'kulturområde'. Eit anna poeng er at vi utan så strenge krav til våre eigne beskrivingar kjem lett i fare for å blande idéar frå førestillingsnivået saman med resultat frå språkbruksnivået, noe som gjør det vanskeligare å forstå kulturfunksjonen som språket har.

## Litteratur

- Akselberg, Gunnstein. 2002. Talespråkleg regionalisering i Noreg – Keisarens nye klede? I: *Nordica Bergensia* 28/2002, s. 35–59.
- Akselberg, Gunnstein. 2003. Talespråkleg regionalisering i Noreg – Keisarens nye klede? I: *Nordica Bergensia* 28/2002 s. 35–59.
- Akselberg, Gunnstein. 2005. Talemålsregionalisering – modellar og røynd. I: *Målbryting* 7, s. 109–130.
- Anderson, Benedict. 1983. *Imagined communities*. London: Verso.
- Bandle, Oskar. 1967. *Studien zur westnordischen Sprachgeographie. Haustierterminologie im Norwegischen, Isländischen und Färöischen*. (A: Textband: Bibliotheca Arn magnaæana 28. B. Kartenband: Supplementum 4.) København: Munksgaard.

- Dahlstedt, Karl-Hampus. 1978. Dialekt och högspråk i nutidens Sverige, särskilt i Norrland. I: Rudolf Zeitler (red.), *Det moderna Skandinaviens framväxt. Bidrag till de nordiska ländernas moderna historia. Föreläsningar hållna vid Humanistiska fakultetens symposium, femte sektionen, 6–9 juni 1977*, 49–65. Uppsala: Uppsala universitet.
- Dalen, Arnold. 1972. Trøndermåla. I: Dalen, Arnold og Stemshaug, Ola (red.) 1972. Trøndermål. Språkarv og språkforhold i Trøndelag og på Nordmøre. Oslo. :9-41.
- Dalen, Arnold. 1978. *Trondheimsmalet*. Trondheim: Nidaros Mållag.
- Edlund, Lars-Erik. 2003. Det svenska språklandskapet. De regionala språken coh deras ställning i dag – och i morgen. I: Gunnstein Akselberg & Anne-Marit Bødal & Helge Sandøy (red), *Nordisk dialektologi*, s. 11–50. Oslo: Novus.
- Ejskjær, Inger. 1965. Regionalsprog og lokalt vestjysk regionaldansk. I: *Dialektstudier 1*, s. 7–50. København: Akademisk forlag.
- Foldvik, Arne Kjell 1977. Realisasjonen av r i norsk. I: *Svenska Landsmål och Svenskt Folkliv 1977*:110-118.
- Hallager, Laurens. 2004. *Norsk ordsamling. Med innleiing av Lars S. Vikør*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Hamre, Håkon. 1961. *Vestnorske ordsamlinger frå 1700-talet*. (Skrifter utgitt av Institutt for nordisk filologi, Universitetet i Bergen 4.) Bergen - Oslo.
- Hægstad, Marius. 1899. *Gamalt trøndermaal. Upplysningar um maalet i Trøndelag fyrr 1350 og ei utgreiding um vokalverket*. (Videnskabsselskabets Skrifter. II. Historisk-filosofiske Klasse.) Kristiania.
- Indrebø, Gustav. 1951. *Norsk målsoga*. Bergen: A/S John Griegs boktrykkeri.
- Janson, Tore. 1997. *Språken och historien*. Falun: Norsteds.
- Jenstad, Tore Erik & Arnold Dalen. 1997. *Trønderordboka*. Trondheim: Tapir.
- Jensøn, Christen. 1915. *Den Norske Dictionarium eller Glosebog. Utgjevi paa nyom av Den norske historiske kildeskriftkommission ved Torleiv Hannaas*. (Ældre norske sprogminder 3). Kristiania.
- Knudsen, Trygve. 1962. *Kapitler av norsk sproghistorie*. Oslo–Bergen: Universitetsforlaget.
- Kristiansen, Tore. 2003. Sproglig regionalisering i Danmark? I: Gunnstein Akselberg & Anne-Marit Bødal & Helge Sandøy (red), *Nordisk dialektologi*, s. 115–149. Oslo: Novus.
- Larsen, Amund B[redesen] 1917. Naboopposition - knot. I: *Maal og Minne* 1917, s. 34-46.
- Mohan, Venke Astrid Gangstø. 1995. *Morfologiske endringer i Bindalsmålet*. [Utrykt hovudoppgåve.] Oslo.
- Pedersen, Inge Lise. 2000. Lille fag hvad nu? Et oplæg til en diskussion af nordisk dialektforsknings vilkår og muligheder. I: *Folkmålsstudier 39*, s. 257–276.
- Salomonsen, Anders. 1996. Regionaliteten som problem. I: Markus Idvall & Anders Salomonsen (red.), *Att skapa en region – om identitet og territorium*. s. 13–20. Stockholm: Nordiska institutet för regionalpolitisk forskning.
- Sandøy, Helge 1985. Norsk dialektkunnskap. Oslo.
- Sandøy, Helge. 1998. The Diffusion of a New Morphology in Norwegian Dialects. I: *Folia Linguistica XXXII/1-2*, s. 83-100.
- Sandøy, Helge. 2004. Types of society and language change in the Nordic countries. I: Britt-Louise Gunnarsson ofl. (red.): *Language Variation in Europe. Papers from the Second International Conference on Language Variation in Europe, ICLAVE 2, Uppsala University, Sweden, June 12-14, 2003*, Uppsala: Department of Scandinavian Languages, s. 53-76.

- Schnabel, M[arcus]. 1934. Prøve paa Hvorvidt Det gamle Norske Sprog endnu er til udi  
Det Hardangerske Bondemaal. I: Indrebø, G., *Nokre eldre vestnorske  
bygdemålsskrifter* (BMA 1933 nr. 1). 1934:91-115. Bergen.
- Skjekkeland, Martin. 1997. *Dei norske dialektane. Tradisjonelle særdrag i jamføring  
med skriftmåla*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Steen, Sverre 1927. En ordliste fra Romsdal 1744. I: Festschrift til Hjalmar Falk 30.  
desember 1927 fra elever, venner og kolleger 459-65.
- Thomassøn, Jørgen. 1911. *Maallære og ordtøke fraa Vest-Agder fraa fyrste helvti av  
1600-talet*. (Handschr. No. 464, 8 i Thottiske samling.) Utgjevne av Den norske  
historiske kildeskriftkommission ved Torleiv Hannaas. (Ældre norske  
sprogminder 1.) Kristiania: Grøndahl & Søn.
- Trudgill, Peter. 1974. Linguistic change and diffusion: description and explanation in  
sociolinguistic dialect geography. *Language in Society* 3.215-246.
- Ulset, Kari Anne Vold. 2002. Språklig regionalisering i Trøndelag? En studie av  
ungdommers talemål i nedre Melhus. [Hovudfagsavhandling.] Trondheim.
- Venås, Kjell. 1979. Riksspråk – regionalmål – målføre. I: Syn og Segn 85, s. 131–149.
- Vikør, Lars S. 2004. Innleiing. I: Hallager 2004 s. 7-23.
- Widmark, Gun. 1996. Om termen dialekt och dess synonymer. I: *Mål i sikte. Studier i  
dialektologi tillägnade Lennart Elmevik*, s. 409–417. Uppsala: Dialekt- och  
folkminnesarkivet.
- Wille, Hans Jacob. 1785/1975. *Norsk Ordbog som især indeholder en Samling af  
Norske Ord, som især bruges i Sillejord og fleere Stæder i Norge. Etter  
handskriftene DKNVS bibl. qMs 229, UB Bergen Ms 71 og Det Kgl.Bibl. Khb.  
Add. 106c, 8vo.* (Utgitt i 1975 av Jan Ragnar Hagland.) (KNVSS 1975 nr. 3).  
Trondheim: Universitetsforlaget.
- Wilse, J[acob] N[icolaj]. 1780. *Norsk Ordbog eller Samling af Norske Ord i sær de som  
bruges i Egnen af Spydeberg og viidere paa den Østre-kant af Norge, med  
Forerindring om Mundarten, samt Tillæg af nogle Egnens Ordsprog og  
Egen-Navne*. Kristiania.
- Aasen, Ivar 1848/1996. *Det norske Folkesprogs Grammatik*. (Utgåve i 1996 ved Terje  
Aarset.) Volda: Høgskulen i Volda.
- Aasen, Ivar 1864/1965. *Norsk Grammatik*. (Utgåve i 1965 ved Norsk Måldyrkingslag.)  
Oslo: Universitetsforlaget.